

Gud er fredens Gud

Uttale frå Kyrkjemøtet mars 2026

Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja er samla medan verda er prega av krig, vald og djupe konfliktrar. Nyheitsbiletet er dramatisk. Vi kjenner fortviling over dei massive menneskelege lidingane. Folkeretten vert brote av nokre av verdas mektigaste leiarar. Vi kjenner avmakt, sinne og frykt for framtida. Som del av Jesu Kristi verdsvide kyrkje vedkjenner vi trua på Gud som fredens Gud, og vert fornya i vårt kall til å skape fred.

Gud er hjå dei som krigen råkar. Jesus vart opprørt og rysta når menneske vart krenkt. Vår tru er at Jesu inderlege medkjensle er den same i dag, midt i menneskes smerte og håpløyse. Kirkenes Verdensråd (evt. Verds kyrkjerådet) slo fast på si fyrste generalforsamling i 1948: "Krig er i strid med Guds vilje."

Guds namn må ikkje misbrukast til å rettferdiggjere angrepskrig, undertrykking og krenking av menneskeverdet.

Jesus seier: "Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born."
(Matteusevangeliet 5,9)

Kyrkjemøtet vil understreke:

- Vi tek avstand frå religiøs legitimering av angrepskrig og vald. Berre freden er heilag.
- Kyrkja har eit ansvar for å halde styresmakter og makthavarar ansvarlege når menneskerettane vert krenkt og når den internasjonale rettsorden vert undergrave.
- Kyrkja er kalla til å arbeide for fred, forsoning og rettferd - lokalt, nasjonalt og globalt, og må stå saman med menneske og kyrkjer som lever i område med krig og konflikt.

Den verdsvide kyrkja skal snart feire påske. Jesu død og oppstode gjev von og kraft. Kyrkjemøtet oppmodar alle om å tenne lys og bli med i bøn for verda:

*Gi fred, å Herre Gud,
gi fred i våre harde tider!
Stig sterk og nådig til oss ned
når vi i avmakt strider!
Gi verda fred, å Herre!*

(Martin Luther, i Norsk salmebok 730)